



# Kyrkjeblad

FOR ASKVOLL

NR. 3 JULENUMMER 2015 92. ÅRG.



*God Jul!*



# Ein avgrensa gud



På døra til ei mellomalderkyrkje i Köln finst eit bilet som viser Jesusbarnet i krubba. Bak ser vi oksen og eselet og over det heile Betlehemsstjerna. På kvar si side av krubba sit Maria og Josef. Dette motivet finst i ulike versjonar over heile jorda. Det spesielle ved akkurat dette biletet er innskrifta som står på sida: HIC ARTATUR DEUS = Her blir Gud avgrensa.

Fyrste gongen eg møtte denne setninga slo den umiddelbart inn i meg: Det er jo dette som er jula sin løyndom. Her blir Gud avgrensa. Ingen kan utøve avgrensinga sin kunst slik som Gud, for ingen har så mykje å miste.

Jesus, som kom frå Gud, søkte seg nedover til ei krubbe i småbyen Betlehem. Martin Luther seier det slik: «Han som all verden er for trang, Her ligger Han på moders fang».

Det er naturleg å tenkje at dersom Gud er til, så er han så stor at vi ikkje kan fatte han. Men juleevangeliet seier: Han lèt seg fatte i krubba!

Mange trur at dersom Gud er å finne noko stad, så må det vere ute i det uavgrensa rommet, i naturen. Men kva finn vi eigentleg der? Vi kan vel saktens ane Gud, men heller ikkje meir. For her er ingen ord, ikkje noko ansikt og ingen tydeleg vilje.

Dersom vi ikkje kjenner Gud i krubba, så blir den Gud vi finn ute i naturen forma som ei forstørring av våre eigne tankar, kjensler og draumar. Naturopplevinga blir ei stadfesting av det tankegodset vi har med oss allereie. Men jula sitt evangelium seier noko vi ikkje kunne ha tenkt ut på førehand: «Ordet blei menneske og tok bustad iblant oss» (Johannesevangeliet 1, 14).

Jesus, Ordet frå Gud, gjekk rundt blant oss i Nasaret, Kapernaum, Betania og Jerusalem. Han vandra omkring og hadde heile himmelen med seg. Ikkje rart mykje skjedde. Ikkje rart at folk undra seg og sa: Alt han gjør er godt!

Kvar finn vi Gud? Her i Jesus er Gud i avgrensa utgåve som menneske- men likevel heilt og fullt til stades. Paulus skriv ein stad: «For i han ville Gud la heile sin fylde bu».

Her blir Gud avgrensa – det betyr at Gud finst over alt, men han lèt seg ikkje møte overalt. Gud er for stor for oss. Han er for rein, for heilag, for lysande til at vi med vårt øydelagde og sjølvsenterte perspektiv kan finne han.

Men i barnet i Betlehem, som blei til mannen Jesus, der er Gud. Denne jula møter vi han igjen i kyrkja, i Bibelen og i bønna. Det er avgrensa møteplassar, men der er den grenselause Gud alltid å møte, heilt og fullt. Og det er ingen ting han heller vil enn å møte oss.

Halvor Nordhaug  
Biskop i Bjørgvin

## Takk til Bente M. Strømmen



Trusoplærar i Askvoll sokn, Bente M Strømmen slutta i stillinga si no i haust. Bente hadde då vore tilsett sidan november 2012. Som trusoplærar har Bente hatt arbeid med barn og unge i soknet som sitt arbeidsområde, og særleg har Bente arbeidd med konfirmantar. Sjølv om ho no har slutta i stillinga, seier Bente at ho framleis ønskjer å bidra med frivilleg arbeid i soknet. Askvoll sokneråd og kyrkjestaben takkar for innsatsen og samarbeidet, og ønskjer Bente lukke til i nye gjeremål.



Avtroppande soknerådsleiar Ole Andreas Myrstad overrekte leiarklubba til nyvald soknerådsleiar, Jostein Gryte.

# Skifte av sokneråd

Første november trådte nytt sokneråd i funksjon (frå første desember med fellesrådsfunksjon). Soknerådet er det lokale kyrkjepolitiske styret i Askvoll sokn, som har samanfallande grenser med Askvoll kommune. Soknerådet sitt ansvarsområde er kyrkjebygga i soknet, gravplassane, den lokale kyrkjeøkonomien og rådet har arbeidsgivaransvar for dei kyrkjeleg tilsette i soknet. Askvoll sokneråd er også den lokale gravplasstyresmakt. Soknerådet har vidare ansvaret for å «vekke og nære det kristelege livet i soknet». Rådet er valt for fire år av gangen.

30. oktober vart det helde konstituerande møte og lokalt soknerådkurs for nytt råd. Her vart Jostein Gryte valt som leiar og Wenche Ness Gabrielsen vart valt som nestleiar.

## Nye Askvoll sokneråd

Jostein Gryte, Kvammen  
Wenche Ness Gabrielsen, Askvoll  
Harriett Norstrand, Atløy  
Halldis Rørvik, Kvammen  
Arne Fedøy, Bulandet  
Aud Eldrid Frøholm, Askvoll  
Ingvild Loftheim, Askvoll  
Leif Jørgen Leknes, Kvammen  
Terje Mork, Holmedal  
Else Stølen, Atløy

1. vara Karen Anny Espedal, Holmedal
2. vara Sissel Hege Igland, Askvoll
3. vara Eva Iren Landøy, Værlandet
4. vara Egil Helge Tjønneland, Kvammen
5. vara Arne Martin Tjugum, Askvoll

Kommunen sin representant er Anne Grethe Lien med Åge Guddal som personleg vara.

Geistleg representant er framleis Stein Hugo Fykse med Knut Arne Kummeneje som personleg vara.



# Utdeling av 4-års og 6-års bok



**Nattcupen**

Natta 23.-24. oktober var Askvoll-konfirmantane på nattcup i Førdehuset. I løpet av nattat var det show med illusjonisten Ruben Gazki, gudsteneste, kino, symjing og mange andre aktivitetar for konfirmantane. Mange spelte fotball, og Askvoll stilte med tre jentelag og eitt guttelag. Det eine jentelaget kom heilt til semifinalen. Til slutt var det finalar der alle var samla rundt finalebana til felles avslutning. Dessverre fekk vi ikkje tatt eit godt nok bilet av guttelaget. Men vi fekk med biletet av jentelaga.



**JENTELAG 1**

Bak frå venstre: Ingeborg Grane Ringstad, Kristine Tveit, Julie Mjåseth.  
I midten frå venstre: Andrea Mattevik Vilnes, Serine Mathea Svellingen Mjåseth, Anja Leiknes. Framme frå venstre: Karolina Dayana Frantzen Stuhaug, Emilie Vagstad Eimhjellen, Frida Keilegavlen Grane.



**JENTELAG 2**

Bak frå venstre: Edel Marie Myrstad, Andrine Leknes, Frida Leknes.  
Framme frå venstre: Lene Blom Landøy, Aurora Selvik, Sandra Mandelid.



**JENTELAG 3**

Framme: Vilde Larsen. Nedst framst: Martine Dalsøren Rivedal.  
Rekke 3: Mariell Risøy Loftheim, Kristine Mjåseth, Thea Haugen.  
Rekke 4: Lisa Marie Klubben Økland, Maren Linnea Hestvik Mork, Karolina Dayana Frantzen Stuhaug.



# Konfirmanthelg på Nesholmen

Helga 16. – 18. oktober var konfirmantane på tur til Nesholmen leirstad i Gloppe i samband med KFUK-KFUM sitt årlege hausttreff. Der var det også ungdommar frå andre delar av Sogn og Fjordane. Opplegget var variert med dans, bibeltime, uteleiker, og mykje musikk. Kjekt reise på tur i lag og bli kjende med andre!



Ungdommane kunne bidra med eigne innslag frå scena. Her er det Frida Keilegavlen Grane og Andrea Mattevik Vilnes som framfører ein song.



Det var også leiker konfirmantane kunne vere med på. Her er det Sander Kvamme som har tatt utfordringa, og forsamlinga følgjer spent med.

## Den nye trusopplæraren i Askvoll



Det er med glede vi vil presentere Fjalerbuen Ragnhild Stav som den nye trusopplæraren i Askvoll. For å bli betre kjent med vår nye medarbeidar, vil vi stille Ragnhild nokre spørsmål.

### Kva var det som gjorde at du begynte i denne stillinga?

Det byrja med at eg hadde ein liten vaskejobb på kyrkjekontoret i sommar, og då fekk eg høre om at det var utlyst ei 50% stilling som trusopplærar i Askvoll. Sidan eg på det tidspunktet allereie hadde bestemt meg for å flytte tilbake til Fjaler søkte eg på denne jobben og tenkte at det var midt i blinken for meg. Litt seinare vart det utlyst ein 25% stilling som trusopplærar i Fjaler, og eg jobbar no i begge kommunane.

**Korleis trivst du så langt?**  
Eg trivest veldig godt! Det er kjekt å komme tilbake til heimtraktene og til å byrje i arbeidslivet etter fleire år med

studier. I tillegg er eg glad for at eg fann ein relevant jobb med tanke på det eg har studert.

### Kva har du gjort før du byrja å jobbe i Askvoll?

Eg har budd i Oslo og studert religion og samfunnsfag på Menighetsfakultetet. Før det gjekk eg to år på kyrkjemusikk på Musikkhøgskulen i Oslo. Det siste året før eg kom tilbake budde eg i Tyskland og Georgia.

### Har du familie?

Eg er gift med Ika frå Georgia som for tida er volontør i Fjaler. Så det var på grunn av han at eg budde eit halvt års tid i Georgia før vi begge kom til Fjaler.

### Kva likar du å gjøre på fritida?

Eg har blitt veldig glad i å sjå filmar, og i periodar set eg meg ned for å strikke eller spele piano.

### Kva er favorittretten din?

Eg er forholdsvis altetande og det er mange ting eg tykkjer er godt, men eg har lyst til å nemne ein georgisk rett som heiter Khachapuri. Det er brød med ost inni. Det er det første eg vil ete kvar gong eg kjem til Georgia.

# Juleverkstad i Holmedal Bedehus



Etter suksessen med laging av adventskrans i fjor vart det i år også samling i Holmedal Bedehus. Vi var tilsaman 17 vaksne og 2 ungdommar. Ellen Marie Tveit ønska oss alle velkommen og informerte om det praktiske. Alt var lagt til rette for ein trivelig ettermiddag/kveld, materiell var komt på plass så det var berre å ta for seg av det naturen har å by på.

Etter at vi hadde jobba på ei stund, vart det servering av julegløgg og masse gode heimelaga kaker og sosialt samvær. Runhild Øvreås las frå boka som Oddgeir Bruaset har gitt ut, der han skildra historiane om korleis våre kjente og kjære julesanger blei til. Ho skildra salmen «Det lyser i stille gredner» av Jacob Sande. Framföringa fekk oss alle i julestemning og ettertanke. Det var ei fin stund for store og små, og håper vi treffast att til neste år!





# Den bortkomne sonen visste kvar han ville reise

Ein dag sat han der og såg ut over innhegninga. Sola skein som den plar og grisene som han var sett til å passe, gjekk og rota i jorda etter mat. Varmen var nesten uuthaldeleg og det var mange andre stader han heller ville ha vore enn her for å passe ein framand mann sine dyr. Men «nöden lærer som kjent naken mø at spinne» men det å vere grisepassar er vel kanskje litt drygt likevel. Han som er jøde og som ser dette dyret som ureint, går og passar på dei og skal verne dei mot farar og sorgje for at dei har det bra. Tankane gjekk sjølvsagt til dei gode dagane han hadde før, heime med familien. Der kunne han kvar dag, gå til dekka bord med mat nok. Ikkje som no, der han går og et med grisene. Heime hadde han alltid familien rundt seg og kunne prate og diskutere dagens gjeremål med. No går han her åleine saman med desse ufylselege dyra, trøytt, svolten og åleine. Vel var det slik at familien kunne vere plagsame å ha rundt seg heile tida, men dei var der med omsut for kvarandre. Ein omtanke og eit nærvær som kunne opplevast som til tider kunne opplevast som kvelande og ufri. Og det var akkurat det som gjorde at han den gongen hadde tatt den avgjerdta at han skulle bryta opp og dra ut i verda. Ut og realisera sine draumar. Og det byrja så bra. Han hadde fått ein bra slump med pengar med på vegen og det opna mange interessante dørar. Dørar som ført inn til mange og til då ukjende delar av verda. Både av kulinariske og sanselege opplevelingar. Men no var pengane borte og venene med dei. Dørene som før glitra og lokka til ei ny verd, var ikkje lenger så forlokkande. Nei tenke seg til eit bord heime med den gode gamle kosten som gjev styrke og fellesskap inn i kvardagen. No sat han her og tenkte over livet sitt. Både det som hadde vore og det som er.

Det var då han kom til seg sjølv og tenkte: «Kor mange av leigekarane heime hos far min har ikkje fullt opp av mat medan eg går her og svelt?» det var då han tok sitt avgjerande val. Han ville bryta opp og «krypa» for sin far og be om å i det minste få bli behandla som ein av leigekarane. Han ville trossa skamma og heller bli audi-  
mjuka, noko han kanskje fortente.

Vi som har lese historia i Lukasevangeliet om den heimvendte sonen, veit korleis det gjekk. Det er ikkje det eg vil seie noko om her. Nei det eg har på hjarta er at vi må gje våre born, våre kjære, våre medgangarar i livet ein «heim å vende attende til når dei kjem til seg sjølv». Ein stad som dei kan sjå attende på med gode kjensler, sjølv om det ein gong føltes både trøngt og ufrift. Vi må gjøre denne startplassen funklande og trygg, anten det er slekt, bygd, organisasjon eller andre plasser som er denne «heimen». Stengsla som kan hindre starten på heimvegen må byggast ned og vegen til utgangspunktet må gjerast slik at den blir lett å gå slik at den bortkomne sonen veit kvar han skal gå når han kjem til seg sjølv og vil restarte.

Kyrkja skal heilt klart vere ein av desse trygge hamnene der den bortkomne kan koma att og finne tryggleiken, omsorga og gleda. Er vi flinke nok til å vise kyrkja sin varme og godleik. Slik at dei som braut ut, kan føle seg velkommen heim. Slik at han ikkje vert ein bortkommen, men ein heimkommen son.

Med desse orda vil eg ynskje alle som les dette ei retteleg god og minnerik jul, som kan hjelpe deg inn i kvardagen i det nye året som står for døra.

Jostein Gryte




## Mellombels stopp

Budsjettoverskridinger er årsaka til at utvidingsarbeidet på Askvoll kyrkjegard stoppa opp tillegare i haust. Det vart funne store mengder ureina massar under anleggssarbeidet. Avfall og ureina massar er no fjerna og deponert på forsvarleg vis. På grunn av kostnaden ved denne avfallshandteringen har ikkje soknet kunne gå vidare til trinn to i utvidingsprosjektet, som omfattar anlegg av gangvegar, rørlegging, portar, lyssetting, vanppostar og beplanting.

Ein har søkt Askvoll kommune om kr 760.000,- i tilleggsøyving for inneverande rekneskapsår for å komme i mål med utvidingsprosjektet.

**Fjordane**  
BEGRAVELSESBYRÅ



**- ditt byrå i Fjordane**

**Vi har samarbeid med Lailas Blomster**

For meir informasjon sjå vår heimeside  
**[www.fjordan.no](http://www.fjordan.no)**  
epost: [post@fjordan.no](mailto:post@fjordan.no)

|                        |                   |                                |
|------------------------|-------------------|--------------------------------|
| <b>Lindbøen 2</b>      | <b>6809 Førde</b> | <b>Vakttelefon 57 82 70 30</b> |
| <b>Markegt. 42</b>     | <b>6900 Florø</b> | <b>Vakttelefon 57 74 31 36</b> |
| <b>Lailas Blomster</b> |                   | <b>Telefon 57 73 02 95</b>     |



# Juleminne

Når julekvelden var over, var far trøyt. Synes eg hører han: «Nei, nå tror jeg at jeg går og legger meg!» Å vere prest i jula kan vere ekstra stridt.

Far, Leif Bull, kom som hjelpeprest til Rissa i Sør-Trøndelag i 1948. Dei første fem åra hadde han ikkje sertifikat, så han sykla rundt til ulike kyrkjer på ein svart herresykkkel. I jula var det fleire gudstenester tett på kvarandre, så då vart det fleire lange sykkelturar med prestekofferten på bagasjeberaren.

Fars løn som hjelpeprest og seinare kallskapellan var temmeleg liten. Dette visste bygdefolket om, og før jul var det vanleg at melkekøyrarane på veg til det lokale meieriet med hest og slede kasta av kjøtpakkar med fars namn på ved huset vårt. Gjevaren sitt namn stod ikkje på pakkane. På ein juletrefest der far skulle tale, gjekk ein del personar bak i ei krå, og snudde ryggen til. Far skjøna ikkje kva klukkelydar som kom nedanfrå kroken. Så viste det seg at fleire hadde flasker med seg. Den kvelden fekk han med seg eit spenn fløyte heim.

Ein annan gong skulle ein bonde med hest og slede køyre far heim etter ein juletrefest. I løpet av kvelden hadde det blåst opp til snøfokk, men bonden var trygg på at hesten kjente vegen, i alle fall til meieriet, trass i snøkave og mørker. Jau, det gjekk bra ei kort stund, men så kom dei til noko bratt der sleden velta. No viste det seg at bonden dagen før hadde køyrt ut møkk, og hesten som var programert på siste turen, hadde svinga av frå vegen og dratt sleden med bonde og hjelpeprest tvert over ein av møkkahaugane.

Far snakka ganske høgt og han hadde god songstemme. Vi også måtte snakke høgt til han, for han var døv på det eine øyret etter ein stor operasjon som seksåring. Dei eldre i kyrkjelyden likte fars sterke stemme, for då hørde dei kva han sa frå preikestolen. Som nemnt så var han ofte litt trøyt og sliten i jula, og då kan det lett gå litt i surr, også for ein med sterk forsongarrøyst. På ein juletrefest der han hadde hatt andakt, skulle dei gå rundt juletreet og synge julesongar. Då såg han at fleire fekk eit noko muntert ansiktsuttrykk. Grunnen var at forsongaren hadde ein noko avvikande tekst: «En gammel jomfru satt i lønn, hun satt i lønn, og fødte himlens kongesønn. Halleluja, halleluja.» Men han kunne le godt, også av seg sjølv.

I 1953 fekk far endeleg sertifikat. Ein bonde hadde forbarma seg over han, og far fekk køyretimar på vegen med bondens traktor, medan eigaren sjølv sat på skjermen og gav gode råd. Ein gammal Austin vart kjøpt, og no vart det lettare for resten av familien å vere med på gudsteneste.

Julegudstenestene var ganske kjekke. I alle fall den på sjølv julekvelden, men det kunne verte litt mange av dei: Føll kyrkje, Rein kyrkje og Hasselvika kapell. Oftast var eg med på alle tre, og med like mange repetisjonar av fars julepreike, så fekk eg alt som liten gut bra oversikt over Lukas 2, 1-14 med utdjupingar. Hasselvika kapell var forresten ein bra plass å avslutte syntes eg, for her hadde dei eit stort hornorkester og musikantar i sin beste alder med stor lungekapasitet.

I 1958 flytta vi til Ørlandet ytst ute i Trondheimsfjorden. Her hadde dei tradisjon at soknerådet gav pengar til ein masse potteplanter som skulle delast ut til dei aller eldste før jul. Nokre som hadde ein særleg vanskeleg økonomi fekk også ein kasse med ulike matvarer som høvde for jula. Far var den som måtte reise rundt med både blomster og matvarer og eg fekk vere med som handlangar.

På Ørlandet kunne det blåse noko fenomenalt, gjerne også i jula. Hugsar ein gong far og eg skulle på julegudsteneste til øya Storfosna. På slike reiser brukte far ein eldre skyssbåt, og denne gongen blåste det storm på tvers. Hugsar at eg sat opp i det vesle styrhuset med ryggen mot den eine veggen og spenntak med føtene i den andre veggen. Vi kom oss over, men fars hatt blåste på sjøen då vi skulle gå ombord.

På gudstenesta julekvelden i Ørland kyrkje pla eg vere i beredskap oppe på galleriet. Med god grunn var mange stearinlystende i kyrkja, for rundt om i heimane stod komfyrlatepane på «tre». Denne gudstenesta i hovudkyrkja fann stad utpå ettermiddagen når julemiddagane snart skulle vere ferdige. Regelen syntes å vere at straumen var bestemt til å gå under gudstenesta, og eg måtte tro orgelbelgen midtvegs oppe i tårnet. Organist Utstrand var ganske flink, også med pedalane. Dei styrer som kjent dei store orgelpipene som krev mykje luft.

----

Ei ny jul står for døra. Straumen pla ikkje vere noko problem i Askvoll, men førebuingane til høgtida er sikkert minst like travle no som den gongen eg har skrive om. Og rundt om oss «brusar» krefter vi ikkje likar. Likevel håpar vi på ei fredfull jul der vi med frimod får lov å synge med salmediktaren B.S. Ingemann:

«Sæle fred, himmelsk fred  
jolekvelden til jord kom ned.  
Englar syng om den fred dei såg,  
syng om han som i krubba låg.  
Gled deg kvar sjel han har frelst!»

Ragnar Bull

## Stor gave til Vilnes kyrkje

Askvoll sokn har i samband med avviklinga av Herland bedehusforeining motteke ei gave på heile 400 000 kroner. Det er stilt som vilkår at gava skal nyttast til prosjekt i eller ved Vilnes kyrkje.

Askvoll sokneråd vil endeleg bestemme bruken av midlane i samband med budsjettvedtak for 2016.

Soknerådet takkar hjarteleg for gava.

## Gudstenester i Værlandet bedehuskapell

07.02. kl. 10.30

20.03. kl. 10.30

24.04. kl. 10.30



Arr. Gudstenestene:

Gudstenesteutvalet i Værlandet Kyrkjelyd

# Heilag Jul

Juleglede her  
med fred frå himmel  
Jesusbarnet er  
på jord  
Heilag høgtid  
over land  
født av møy  
i stall og krybbe

Song på jord  
og fryd på Betlehemsmark

Hyrdane i vesaldom  
syng i engleglede  
over land kjem  
ei høgtid stor  
Barn er født  
i heilag natt  
syng ei glede  
over heim og land

Født av Maria møy  
og lagt på strå

Hyrdane vert små  
i heilagdom i natt  
Der er frelsa  
født for jord  
og dei våke med  
Gå med bud om Jesusbarnet

Natt er lang  
og Son er født  
I ei natt med  
fred i heim og land

Takk for Jesusbarnet  
som kviler over jord  
Takk for julenatt  
i fred med song

Takk for evig  
tone ifrå himmelen

Ståle Løkeland



Laurdagsklubben i Askvoll/Holmedal har blitt

## SPRELL LEVANDE



Då vi starta opp i haust, hadde det skjedd noko med laurdagsklubben. Vi leiarane hadde hørt at det var noko som heitte SPRELL LEVANDE søndagsskule, og det ville vi bli sjølv om vi var ein laurdagsklubb.

Vi syng og vi opnar skattekista. Veit du at i Bibelen finnast mange skjulte skattar? Dei fortel vi om på laurdagsklubben. Vi får eit oppdrag som har noko med forteljinga å gjere.

I haust har vi for eksempel hørt om 2 brør som vart så uvener at dei ikkje såg kvarandre på 20 år. Når 2 som bryr seg om kvarandre, vert skikkeleg ueinige, er det akkurat som om det er ei bru som går sund. Dei 2 brørne heitte Jakob og Esau.

Jakob hadde så frykteleg lyst til å bli vener med broren sin igjen, men broren var framleis sint. Då bad Jakob til Gud om at han måtte gjere det slik at dei vart vener att. Og Gud ordna det.

Oppdraget den gongen var å bygge opp att ei øydelagd bru. Då fann vi ut at dersom vi samarbeider, kan bruva vera endå finare etterpå. Slik er det og med Gud; om vi ber han om hjelp til å ordne opp i noko som har blitt leit, kan han gjere det endå betre enn det var før.

Vi har og eit sprell (ein leik) kvar einaste gong vi er saman. No i slutten av november hørte vi om 2 damer som fekk englebesök med beskjed frå Gud; dei skulle få baby i magen. Den eine var så gammal at ho ikkje kunne få baby og den andre var berre ein ungdom. Men Gud kan gjere kva som helst, han har jo til og med skapt alt i heile verda.

Sprellet vårt var at vi skulle blåse opp ein ballong og ha han under genseren eller jakka. Og så skulle vi helse på kvarandre. Men vi skulle ikkje handhelse slik vi brukar å gjere; vi skulle helse med magane våre. Då vart det mykje lått. Og oppdraget vart å lage englar. Dei heng i kyrkja no i tida før jul.

Høyrest dette spennande ut? Kom og bli med, da vel. Laurdagsklubben er for deg som er 4 år eller meir. Og om du tar med deg mamma eller pappa eller ein besteforelder, skal dei få kaffi eller te mens du er på klubb.

Vi møtast i Askvoll kyrkje klokka 11 annakvar laurdag. Vi har og eiga facebookside som heiter «Laurdagsklubb i Askvoll kyrkje». Der står det kor tid det er klubb.

Velkommen!

Helsing Runhild, Julie, Silje og Sidsel Anita.



**OPPSTART AV BABYSONG  
I ASKVOLL KYRKJE I JANUAR**

Tysdag 19. januar og 7 påfølgande tysdagar vert det babysong i Askvoll kyrkje. Vi opnar dørene kl.11 og held på fram til kl. 13. Det heile startar med ei songstund og vert avslutta med lunsj. Vi stiller opp med lunsj for dei vaksne, så ordnar foreldra med lunsj for dei minste. Babysong er frå 0-1 år og er eit samarbeidsprosjekt mellom Den norske kyrkja i Askvoll og Sogn og Fjordane Indremisjon. Musikk og rytme har stor plass i babysong og alle sansar vert utfordra. I tillegg til det trur vi dei vil kjenne glede, begeistring og forventning.

**Velkommen til babysong!**

## Gudstenester i jula

### Julaftan

- Kl. 13.30 Kvammen kapell
- Kl. 13.30 Vilnes kyrkje
- Kl. 16.00 Askvoll kyrkje
- Kl. 16.00 Holmedal kyrkje

### Juledag

- Kl. 12.00 Balandet kapell
- Kl. 12.00 Askvoll kyrkje



### Nyttårsaftan

- Kl. 16.00 Askvoll kyrkje

### Nyttårsdag

- Kl. 17.00 Holmedal kyrkje

*Vi er din lokale fagbutikk i kommunen  
som leverer alt av blomar  
i anledning gravferd:*



**Lailas**  
blomster  
Tlf. 57 73 02 95 • Fax. 57 73 18 30  
6980 Askvoll

- Kistedekorasjon
- Hjerte
- Kors
- Krans
- Bårebukett m.m.



*Vi er også forhandler av graminne, graving og rens av stein.*



# Velkommen til gudsteneste



## ASKVOLL KYRKJE

**17. januar kl. 11.00**  
Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.  
Offer til: Kyrkjelydsarbeid.

**31. januar kl. 11.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.  
Offer til: Kyrkjelydens misjonsprosjekt.

**14. februar kl. 19.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.  
Offer til: Kyrkjebladet.

**28. februar kl. 11.00**  
Gudsteneste med utdeling av 5. kl. bibel ved Knut Arne Kummeneje.  
Offer til: Det Norske Bibelselskap.

**13. mars kl. 11.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.  
Offer til: Institutt for sjælesorg (Modum Bad).

**27. mars kl. 11.00**  
Gudsteneste 1. påskedag ved Knut Arne Kummeneje. Offer til: Kyrkjelydens Misjonsprosjekt.

**3. april kl. 11.00**  
Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.  
Offer til: Søndagsskuleforbundet (Bergen krins).

**10. april kl. 13.45**  
Samtalegudsteneste med konfirmantane ved Knut Arne Kummeneje og Stein Hugo Fykse.  
Offer til: Kyrkjelydsarbeid.

**08. mai kl. 11.00**  
Konfirmasjonsgudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til: Askvoll kyrkje.

**15. mai kl. 11.00**  
Gudsteneste 1.pinsedag ved Knut Arne Kummeneje.  
Offer til: Kirkens Bymisjon i Bergen.

**17. mai**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.  
Offer til: Kirkens Nødhjelp.

**29. mai kl. 11.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.  
Offer til: Sjelesorgsenteret Haraldsplass.

[Sjå www.askvoll.kyrja.no](http://www.askvoll.kyrja.no)  
for oppdatert gudstenesteliste



## BULANDET KAPELL

**10. januar kl. 11.00**  
Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Offer til: Søndagsskuleforbundet (Bergen krins)

**07. februar kl. 11.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.  
Offer til: Kyrkjeblad.

**06. mars kl. 11.00**  
Gudsteneste med utdeling av 5. kl. bibel ved Knut Arne Kummeneje.  
Offer til: Kyrkjelydens misjonsprosjekt.

**27. mars kl. 12.00**  
Gudsteneste 1.påskedag ved Stein Hugo Fykse.  
Offer til: Kyrkjelydsarbeid.

**01. mai kl. 11.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.  
Offer til: Bedehusklubben på Værlandet.

**21. mai kl. 11.00**  
Konfirmasjonsgudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.  
Offer til: Bulandet kapell.

**17. maikl. 11.00**  
Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.  
Offer til: Holmedal kyrkje.



## HOLMEDAL KYRKJE

**1. januar kl. 17.00**  
Gudsteneste 1.nyårsdag ved Knut Arne Kummeneje.  
Offer til: Kyrkjelydens Misjonsprosjekt.

**24. januar kl. 19.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.  
Offer til: Kyrkjelydsarbeid.

**21. februar kl. 11.00**  
Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.  
Offer til: Kyrkjeblad.

**25. mars kl. 19.00**  
Gudsteneste Langfredag ved Knut Arne Kummeneje.

**17. april kl. 19.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.  
Offer til: Kyrkjelydsarbeid.

**24. april kl. 11.00**  
Konfirmasjonsgudsteneste ved Stein Hugo Fykse.  
Offer til: Holmedal Bedehus.

**17. maikl. 11.00**  
Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.  
Offer til: Holmedal kyrkje.



## VILNES KYRKJE

**24. januar kl. 11.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.  
Offer til: Kumle Bedehus.

**14. februar kl. 11.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.  
Offer til: Kyrkjeblad.

**06. mars kl. 19.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.  
Offer til: Stongfjorden Bedehuskapell.

**22. mai kl. 10.00**  
Konfirmasjonsgudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Offer til: Stongfjorden Bedehuskapell.

**18. mars kl. 13.15**  
Barnehage-og skulegudsteneste.

**17. april kl. 11.00**  
Konfirmasjonsgudsteneste ved Stein Hugo Fykse.  
Offer til: Kirkens Bymisjon i Bergen.

# Kyrkjelege handlingar



## DØPTE 2015

### ASKVOLL

26. juli Brage Herland Johansen  
20. sept. Hogne Solheim  
04. okt. Rikke Loftheim Vetti  
18. okt. Linus Solheim Rørvik  
01. nov. Molly Nordeide Bauge  
29. nov. Liam Adrian Lim Larsen  
13. des. Synneva Birkeflet Vik

### KVAMMEN

19. juli Kevin Bråstad

09. aug. Jonathan Bondhus Helle

Henrik Olai Lysø

Ida Leknes Årdal

Timmy Andre Kleppe

Anna Kvammen Sund

### STONGFJORDEN

06. sept. Aksel Rogne Gjervik

Aurora Hovden

### VILNES

30. aug. Jarle Christopher Grane

04. okt. Elias Vilnes Bakke

Hermine England

### HOLMEDAL

30. aug. Aron Lionel Hansen Flekke



## GRAVLAGDE 2015

### ASKVOLL

15. mai Bjarne Karstein Noven  
03. juli f.1943 – Urnenedsetting

Målfrid Henriette Nordeide

f.1931

Asle Helge Follevaag

f.1941 – Urnenedsetting

Oskar Johan Helgø

f.1933

Birger Dørhellen

f.1924

Andreas Ringstad

f.1924

Magnar Jostein Husevåg

f.1942

Edith Strømmen

f.1937

Sigbjørn Vårdal

f.1947

Gravlagt Svelgen

### VILNES

25. nov. Dagny Jørgine Oddekalv  
09. des. f.1919

Jorunn Sylvia Fagerheim

f.1936

### BULANDET

07. juli Ingolf Johan Fedøy f.1920

11. aug. Karl Magnus Karlsen f.1922

04. sept. Kolbjørn Sandøy f.1929

### STONGFJORDEN

23. juni Sverre Egil Stafsnes f.1924

25. sept. Herborg Astrid Rylandsholm f.1926

### VÆRLANDET

04. des. Arne Fredmund Kjæmpenes f.1929



## VIGDE 2015

### ASKVOLL

25. juli Katrine Stafsnes Osland

og Jofred-Arne Vallestad

### BULANDET

11. april Solveig Backlund Nessen

og Magnus Melvær

Norheim

Hildur Hillersøy og

Ole Ingar Haaland

### HOLMEDAL

15. august Birgitte Kathrine Sunde

og Erik Bjaanes

### STONGFJORDEN

10. januar kl. 11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

Offer til: Kyrkjelydens misjonsprosjekt.

### VILNES

07. februar kl. 19.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

Offer til: Kyrkjeblad.

### ASKEVOLL

28. februar kl. 15.00

Gudsteneste med utdeling av 5. kl.

bibel ved Knut Arne Kummeneje.

Offer til: Det Norske Misjonssekskap.

### KVAMMEN KAPELL

# Ledig stilling

## Kyrkjetenarar – deltid

Askvoll sokn har ledig inntil to faste stillinger i til saman ca. 30% som kyrkjetenar i soknet. Dei som vert tilsett skal betene kyrkjene Askvoll, Holmedal og Vilnes (for Vilnes gjeld berre gravferd) etter oppsett arbeidsplan. I tillegg kan reinhald ved Askvoll kyrkjekontor inngå i ei av stillingane.

Fordeling av stillingsprosent skjer etter avtale med dei som vert tilsett. Stillingsstart etter avtale.

### Arbeidsoppgåver:

- Servicefunksjonar i samband med arrangement i kyrkjebygga (gudstenester, gravferder, vigslar, konserter m.v.)
- Reinhald
- Branntryggings- og HMT-oppgåver
- Enkle vedlikehaldsoppgåver
- Bygningstilsyn

### Kvalifikasjonar:

Det vert ikkje sett fram krav om særskilt formell utdanning, men vi ønskjer oss søkerar som er:

- Ansvarsbevisst og sjølvstendig
- Ryddig med praktisk sans
- Samarbeidsorientert

### Vi krev:

- Den tilsette må ha førarkort og disponere bil
- Medlemskap i Den norske kyrkja

### Anna:

- Lønn etter KA sitt tariffområde
- Det vert utbetalt tillegg for ubekvem arbeidstid etter tariffavtale

Spørsmål om stillingane kan rettast til kyrkjeverje Rune Ziener.

Søknadsfrist: 10.01.2016

Send søknaden til: [kyrkjeverje@askvoll.kyrkja.no](mailto:kyrkjeverje@askvoll.kyrkja.no)  
eller bruk: Askvoll kyrkjekontor, Postboks 14, 6988 Askvoll



DEN NORSKE KYRKJA  
Askvoll

## KONTAKT OSS



RUNE ZIENER  
Dagleg leiar/kyrkjeverje



STEIN HUGO FYKSE  
Sokneprest



MARIT VEBERG ASK  
Kyrkjesesekretær




ANTON PROSKURNIN  
Organist



482 32 977  
[organist@askvoll.kyrkja.no](mailto:organist@askvoll.kyrkja.no)



KNUT ARNE KUMMENEJE  
Spesialprest (barn/unge)



909 67 627  
[kyrkjelydsarbeidar@askvoll.kyrkja.no](mailto:kyrkjelydsarbeidar@askvoll.kyrkja.no)

## ASKVOLL KYRKJEKONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll

Telefon 918 74 724 e-post: [post@askvoll.kyrkja.no](mailto:post@askvoll.kyrkja.no)

Heimeside: [www.askvoll.kyrkja.no](http://www.askvoll.kyrkja.no)

Facebookside: [www.facebook.com/kyrkjaaskvoll](http://www.facebook.com/kyrkjaaskvoll)



**Kontortid:** tysdag til torsdag kl: 09.00 – 15.00 Fredag kl: 10.00 – 14.00

**Beredskapstelefon:** 954 83 152 ved akutt behov for prestetjeneste etter kl. 17.00 og i helgene. Måndag er prestane sin fridag.

**Kyrkjebladredaksjonen:** Rune Ziener (ans. red.), Stein Hugo Fykse, Marit Veberg Ask, Ragnhild Stav

**Leiar Askvoll sokneråd:** Jostein Gryte 909 38 382